




MØRE OG ROMSDAL



Jord er ingen
fornybar ressurs!

10.000 år =
25 cm matjordlag

www.jordvern.no

ÅRSMELDING 2020

FORMÅL

Jordvern Møre og Romsdal (JMR) vart etablert 15.2.2016 som ein frittståande partipolitisk uavhengig interesseorganisasjon. JMR vil gjennom handling og målretta informasjonsarbeid mot media, politikarar og opinionen søkja å samla brei forståing og støtte for eit sterkt jordvern i Møre og Romsdal. I dette arbeidet er det viktig å understreka jordvernets betydning som ei brei samfunnssak.

ORGANISERING

Verksemda er basert på medlemskap med tilhøyrande kontingen. Møre og Romsdal Bondelag er sekretariat. Det er no etablert sjølvstendige jordvernforeningar eller -alliansar som dekker store delar av landet. Jordvern Norge er etablert som overbygning for jordvernforeningane og -alliansane. Det blir samarbeida om ein del felles saker og oppgåver. Dette gjeld særleg nasjonale saker og felles administrative oppgåver.



Årsmøtet for 2019, gjennomført i samband med Verdas jorrrdag 5.12.2020. Frå venstre:
Eli Sæther, Per Sæther, Birgit Oline Kjerstad, Leif Inge Grebstad, Arnar Lyche, Helge Øverås, Øystein Solli, Kolbjørn Gaustad.

ÅRSMØTET FOR 2019

Dette vart gjennomført på Felleskjøpet Agri i Molde 5.desember 2020. Det var 9 frammøtte. Møtet vart leia av styreleiar Kolbjørn Gaustad.

Første del av årsmøtet vart gjennomført med foredrag av organisasjonssjef i Møre og Romsdal Bondelag **Arnar Lyche**:

JORDVERN I KLIMAPERSPEKTIV

Om dyrka og dyrkbare areal si rolle i klimadiskusjonen og kva som er verknadane for klima og areal av driftsmåtar i landbruket og føringane i landbrukspolitikken.

Innlegget handla i grove trekk om at når det gjeld matforsyning må det leggjast vekt på lokale, ressurs- og fotosyntesebaserte produksjonar som er sirkulære/går i kretsløp. I så måte, ut frå at jord og plantemateriale representerer binding av karbon, må det stimulerast til at bonden held jorda i hevd og satsar på inn- og utmarksbeiting.

Konsekvensane av føringane i landbrukspolitikken er auka bruk av kraftfor, store transportavstandar, mykje leigejord, auka krav til effektivitet og fokus på volumproduksjon. Dette er forhold som gjer at matproduksjonen ikkje blir klimavennleg og heller ikkje kretsløpsbasert. Landbrukspolitikken vidare

framover må difor ta utgangspunkt i at matproduksjon i langt større grad må foregå gjennom fotosyntesebaserte lokale kretsløp, med vekt på størst muleg binding av karbon.
Foredraget vart godt mottatt og la eit godt grunnlag for den påfølgjande diskusjonen.



Organisasjonssjef i Møre og Romsdal Bondelag Arnar Lyche held foredraget «Jordvern i klimaperspektiv» under årsmøtet til Jordvern Møre og Romsdal.

Etter avslutta foredrag og ein matbit, gjekk ein over til dei ordinære årsmøtesakene:
Årsmelding, rekneskap og budsjett vart godkjent.

Etter årsmøtet har Jordvern Møre og Romsdal følgjande personar i ulike valde funksjonar:

- Leiar: **Kolbjørn Gaustad (gjenvalg, 1 år).**
Styremedl: Øystein Solli (vald for 2 år i 2019).
Styremedl: Atle Frantzen (vald for 2 år i 2019).
Styremedl: **Leif Inge Grebstad (ny, 2 år).**
Styremedl: **Helge Øverås (gjenvalg, 2 år).**
Nestleiar: Øystein Solli (gjenvalg, 1 år).
1.vara: Karianne E. Skotte (ny, 1 år).
2.vara: Anne-Kristin Løes (ny, 1 år).
Valgkomite: Stein Brubæk (ikkje på valg, vald for 3 år i 2019).
Valgkomite: **Nils Sigurd Drabløs (ny, 3 år).**
Valgkomite: Magnus Jonsson (ikkje på valg, vald for 3 år i 2018, leiar i 2021).
Vara valgk: Julie Slenes Leine (vald for 1 år i 2018).
Revisor: **Inge Martin Karlsvik (ny, 1 år).**

Alle valg var einstemmige.

Følgjande gjekk dermed ut av valde funksjonar:

Eli Sæther, styremedlem.
Anne Katrine Jensen, 2.vara.
Torill Vinje, valgkomiteen.
Guttorm Kjelsvik, revisor.
Leif Inge Grebstad, som no vart vald inn i styret, var tidlegare varamedlem.

Arnar Lyche og alle som gjekk ut av valde funksjonar vart takka for innsatsen.

Til slutt takka Kolbjørn Gaustad for godt gjennomført årsmøte, ønska velkommen til eit nytt arbeidsår og gratulerte dei som vart vald inn i nye funksjonar.



*Styret i Jordvern Møre og Romsdal i 2020:
Oppå frå venstre:
Atle Frantzen, Leif Inge Grebstad, Helge Øverås.
Nede frå venstre:
Øystein Solli, Kolbjørn Gaustad (styreleiar).*

ARBEID OG SAKER I STYRET

På grunn av smittesituasjonen er det kun halde eitt fysisk styremøte i 2020. For øvrig har ordinært arbeid i hovudsak latt seg gjennomføra, men med færre fysiske møter enn det som elles hadde vore vanleg. Her er nokre av dei oppgåvane som har vore mest sentrale:

- Oppfølgjing av arbeidet med kommuneplanar.
- Vilkår knytt til jordhandtering/etterbruk av matjord.
- Etablering av Jordvern Norge.

Jordvern Norge

Med utgangspunkt i positive tilbakemeldingar frå samtlege jordvernforeiningar og -alliansar i landet vart det invitert til jordvernkonferanse og påfølgjande etablering av Jordvern Norge fredag 7.2.2020. Eit trettitals deltakarar frå ulike organisasjonar og regionale jordvernforeiningar og -alliansar, inkludert Kolbjørn Gaustad og Atle Frantzen frå Jordvern Møre og Romsdal, var denne dagen samla i Oslo for å ta det første steget mot ein felles paraplyorganisasjon, Jordvern Norge. Det nyvalde interimstyret fekk i oppgåve å arbeida vidare med samling av jordvern- Norge fram mot det første ordinære årsmøtet, som vart gjennomført digitalt 17.11.2020, med m.a. Eli Sæther og Kolbjørn Gaustad frå Jordvern Møre og Romsdal som deltagarar.



Kolbjørn Gaustad var med på jordvernkonferanse og påfølgjande etablering av Jordvern Norge i Oslo 7.2.2020.

BREV, UTTALELSAR, DELTAKING MØTER, M.V.

I løpet av 2020 er det send ei rekke brev, gitt uttale i ulike saker, send lesarinnlegg og deltatt på ulike møter og arrangement:

TID	SAK/MØTE	KOMMUNE/STAD/ KOMMENTAR
3.1.	Merknader til detaljreguleringsplan byggefelt B9, Ose	Ørsta
10.1.	Brev ang utviding av gravplass	Ulstein
5.2.	Stand Landbrukskonferansen, Even Øverbø og Leif Inge Grepstad	Ørsta
Febr	Landbruksmøte om samfunnsdelen av kommuneplan, Kolbjørn Gaustad	Hustadvika
12.3.	Merknader detaljreguleringsplan hyttefelt Bjørkedalen	Volda
25.3.	Uttale planprogram kommunedelplan «sentrumssplanen», Batnfjordsøra	Gjemnes
25.3.	Uttale planprogram kommuneplanens samfunnsdel og planstrategi	Gjemnes
Vinter/ vår	Møteserie om verkemidler i arealplanprosessar, v/Norges Bondelag, Atle Frantzen	Skype
14.4.	Merknader til framlegg til områdereguleringsplan for delar av Vartdal sentrum	Ørsta
19.5.	Innspel og merknader til oppstartmelding bustadfelt Osvegen – Kleive brygge	Molde
2.6.	Merknader til framlegg til planprogram for samfunnsdelen av kommuneplan	Ålesund
23.7.	Uttale til framlegg til detaljreguleringsplan for bustadfelt Jendemshagen II	Hustadvika
8.8.	Innspel til framlegg til samfunnsdelen av kommuneplan	Hustadvika
12.10.	Brev ang oppfølgjing av motseigner til framlegg i arealdelen av kommuneplan om byggefelt B11, Rotset	Volda
22.10.	Merknader til kommunedelplan Todalsfjordprosjektet, bru, vegadkomst, tunnell	Sunndal/Surnadal
23.10.	«Nobelprisen viktig for jordvernet» v/Kolbjørn Gaustad	Lesarinnlegg i avisene
5.11.	Webinar Særlovene i landbruket/ny forskrift nydyrkning, Kolbjørn Gaustad og Atle Frantzen	Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
9.11.	Innspel til høyring om framlegg til samfunnsdelen av kommuneplan	Ålesund
17.11.	Årsmøte Jordvern Norge, Eli Sæther og Kolbjørn Gaustad	Skype
5.12.	Verdens jorddag/Årsmøte Jordvern Møre og Romsdal. Foredrag v/Arnar Lyche: «Jordvern i klimaperspektiv».	Molde
21.12.	«Jordvernet må styrkast juridisk» v/Kolbjørn Gaustad og Atle Frantzen	Lesarinnlegg i avisene

Jordvernet må styrkast

Innlegg

NÅR JORDVERNET taper skuldast det oftast eit for dårleg juridisk vern. Eller at eksisterande praksis ikkje tek omsyn til dagens lovheimlar, som skal verne nedbygging av dyrka og dyrkbar jord.

Denne problemstillinga vart diskutert på årsmøtet i Jordvern Møre og Romsdal. Der vart det vedteke å gje ein uttale som støttar Jordvern Norge si bekymring for manglende juridisk heimel for jordvernet.

Før var det jordlova som tok vare på dyrkjorda og slo fast at den skulle vera levebrød for dei som dreiv jordbruk: «Dyrka jord må ikkje brukast til formål som ikkje tek sikt på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må ikkje disponeras slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtid», står det i jordlova. Om det hadde vore slik i praksis så hadde det ikkje vore naudsynt med styrking av jordvernet.

NEDBYGGINGA AV dyrka jord skaut fart då smarte konsulenter og utbyggjarar nytta plan- og bygningslova til å lage reguleringsplanar der det med hjelp av kommunale vedtak vart lovleg å bygge ned dyrkjord, så snart reguleringsplanar var vedteken. Dette har også ført til at det i aulande grad blir inngått opsjonsavtalar mellom grunneigar og utbyggjar, med påfølgjande press på lokalpolitikarar i samband med handsaming av framlegg til kommune- og reguleringsplanar.

Det har i praksis skjedd ei endring i rekkefølje i saksgangen slik at jordlova, som var



BETRE VERN: Statens vegvesen er ein stor nedbygger av dyrka jord, skriv Kolbjørn Gaustad og Atle Frantzen.

ILL.FOTO: PAUL KLEIVEN, NTB

den første og viktigaste lovinstans i alle jordsaker, no er blitt sidestilt med andre lover, med plan- og bygningslova som overordna lovverk. Dette har ført til at det meste av nedbygginga av matjord i dag går føre seg med heimel i plan- og bygningslova.

STATENS VEGVESEN (SVV) er ein annan stor nedbygger av dyrka jord. SVV har laga si eiga handbok og bygger vegar med heimel i veglova. Når dei i tillegg får kommunane til å vedta SVV sine eigne reguleringsplanar, har dei skaffa seg heimel til å legge vegen utan å ta omsyn til dyrkjorda. Det vart også gjort når det skulle planleggast ny veg til det nye sjukhuset på Hjelset, som enno ikkje er bygd.

Nyvegen er sikkert etter den nye handboka, men når den nye vegen krev over 300 dekar dyrkjord for at den skal fylle krav til kurvatur og innpakkrysingslommer, er det ikkje nokon form for jordvern i vegplana. Statens vegvesen har ein lang veg å gå før å ta betre omsyn til jordvern.

BEGREPET JORDVERN er ikkje nemnt i Jordlova. Det trengst difor ein gjennomgang og revisjon av jordlova og plan- og bygningslova, slik at det blir gitt ein tydelegare heimel for framtidig vern av dyrka og dyrkbar jord. Revisjonen av jordlova må også sjå på om forbodet mot dyrking av myr er tufta på feil premissar.

Rekkefeljekravet må endrast

slik at alle frådelingssaker av dyrka og dyrkbar jord først får ei behandling etter jordlova. Vert svaret at det vert nei til frådeling vert det heller ikkje noko reguleringsplan og då er matjorda verna slik den skal.

Også gjennom plan- og bygningslova må det takast meir miljø- og samfunnsansvar og i større grad opnast for å ta vare på dyrka og dyrkbar jord for framtidige generasjoner, slik at det i større grad blir ei harmonisering mellom jordlova og plan- og bygningslova.

GRUNNLOVSVERN: DET er og nøyster som hevdar seg for at jordvernet er så viktig at det må få vårt høgste juridiske rettsvern også i grunnlova. Dette er frå eit jordvernomsyn sterkt ønskjeleg. Det er ein prosess som tek så lang tid at Jordvern Norge får god til å komme med framlegg til ein ordlyd, som seier korleis dyrkjorda skal bergast til matproduksjon for komande slekter.

Heldigvis kan det sjå ut til at det kan vera ein nedgang i omfanget av omdisponert matjord. Men når vi ser omfanget av nye utbyggingsprosjekt som det er ønske om, er det ingen grunn til å vera mindre på vakt i høve til framtidig utbygging. Jordvernmalet må difor sikjerast inn, samstundes som jordvernet blir styrkt juridisk.

Jordvern Møre og Romsdal
Kolbjørn Gaustad, leiar - Atle Frantzen, styremedlem/sekretær

MEDLEMSKAP, MEDLEMSVERVING, UTADRETTA KONTAKT

Betalande medlemmar

Pr dato	Antal medlemar
31.12.2017	40
31.12.2018	55
31.12.2019	84
31.12.2020	85

Æresmedlem

Kristian Ormset

Medlemsverving

Einaste faste inntektskjelda for Jordvern Møre og Romsdal er medlemskontingeneten. Lav kontingent og få medlemar gir pr i dag lite grunnlag for å utvikla aktiviteten, sjølv om mange oppgåver ventar. Det er difor viktig å prioritera medlemsverving og administrative oppgåver som etter kvart kan gje drifta lettare. Med støtte frå Landbrukssekskapet i Møre og Romsdal er det i 2019 og 2020 gitt midlar m.a. til å dekka kostnader med medlemsregistrering, verving og utvikling av det administrative arbeidet.

Utadretta kontakt

Det er etablert eigen e-post: moreogromsdal@jordvern.no som blir lest av leiar og sekretær.

Det blir drifta eigne heimesider under www.jordvern.no, med eigne region/fylkessider. Dette blir gjort felles for jordvernforeningane. Heimesidene har fått teknisk fornying. Innhaldet er fornya og utvikla i 2020.

Det er etablert ei eiga facebookgruppe «Jordvernforeningen Møre og Romsdal». Gruppa er offentleg og er ikkje knytta til medlemskap. Den har godt over 100 medlemmar. Gruppa har hatt ca 41 innlegg i 2020.

 **Nils Sigurd Drabløs**
16. mai 2020 · 


Ei lita gladsak: Sykkylven arbeider med ny sentrumsplan, der dei sjølsagt meiner å ta ein god del dyrkjord. I Ullavika er det eit stykke på 10-12 da som var utlagt til bustadformål. Arealet er heilt avgjerande viktig for sauebonden som brukar det. Stykket er ått av folk med innflytelse. Fylkesmannen la inn motsegn, men gjorde seinare om vedtaket etter press, m.a. med grunngjeving om at matgjorda kunne flyttast !!

No har fylkesutvalet gjordt om vedtaket med 8 mot 5 stemmer. Dette viser at motstand frå m.a. Småbrukarlaget og Bondelaget nyttar. Vi held oppe presset!

 Du, Øystein Solli og 12 andre Sett av 77

 Liker  Kommenter  Del

Facebookgruppa «Jordvernforeningen Møre og Romsdal» 16.5.2020.



LANDBRUK: årets tildeling av fredspris eit godt døme på kor viktig samspelet mellom det lokale jordvern og den globale matproduksjonen er, seier artikkelforfattaren.
Foto: SCANPIX

Nobelprisen viktig for jordvernet

Jordvern og matproduksjon høyrer saman og om ein vil er det to sider av same sak.

SYNPUNKT

KOLBJØRN GAUSTAD
Leiar, Jordvern Møre og Romsdal

overvinne svolt og skape større matsikkerheit. I 2019 nådde Matvareprogrammet 100 millionar menneske i 88 land, som var råka av matmangel og svolt. Organisasjonen får fredsprisen for sine bidrag til å skape fred i konfliktsette område og for å vere ein pådrivar i arbeidet med å skaffe mat, som eit våpen mot krig og konflikt. Framleis manglar ein av ni menneske nok mat.

Vårt ansvar

Vår største utfording har vore at vi har kasta for mykje mat. Koronapandemien har vist at dette raskt kan endre seg og at vi difor, mellom andre ting, må styrke jordvernet for at vi i større grad enn i dag, kan verte sjølvberga med mat og unngå den svolt som er globalt.

Kva trengst i jordvernet?

I organisasjonen Jordvern Norge veit vi internt at den offentlege statistikken Kostra er

underrapportert og at nedbygging av dyrka jord på landsbasis er mykje høgare enn den offentlege statistikken. I september i år avslørte Nationen at i Time kommune i Rogaland vart det i 2018 gjort vedtak om å bygge ned 210 dekar dyrka jord. Dette vart aldri rapportert inn.

Saka avslører ein skrikande mangel på samsvar mellom mål og verkmiddel i jordvernpolitiken frå kommunenivå og heilt opp til Landbruks og matdepartementet. Regjeringa har hatt litra interesse av å avdekke underrapportering av nedbygd matjord. Dette skaper meir politisk støy med krav om meir fokus på jordvern. Regjeringa har stemt ned eit framlegg om å halvere den årlege nedbygginga av dyrka jord frå 4000 til 2000 dekar.

Kommunane har ansvaret

Regjeringa har delegeret dispensasjonen fra lovverket til kom-

munane. Praksisen har vist at dette ikkje fungerer slik det er ment. Om ein legg jordlova sin intensjon til grunn.

Arealplanlegging er det viktigaste verkmiddlet for jordvernet. 70 % av det nedbygde arealet er omdisponert etter plan og bygningslova og 30 % er omdisponert etter jordlova.

Skeivdeling

Denne skeivdelinga skader jordvernet. Hadde jordlovas intensjon vore fulgt hadde jordvernet kome sterkeare ut. Plan og bygningslova har kome sterke inn og redusert jordlova til ein høyringsinstans. Tidlegare var jordstyrta ein eigen godkjenningsinstans, som kunne verne dyrkjorda med heimel i jordlova. Slik vert det ikkje praktisert i dag. No er det plan og bygningslova som i praksis har teke over dette ansvaret.

Dispensasjonar frå eigne kommuneplanar er det også kommunane som avgjer. I

praksis syner det seg at det i alt for stor grad vert dispensert frå dei først vedtekte arealplanar. Plan og bygningslova pålegg kommunane å rullere sine arealplanar kvart 4. år. I ei rulling høyrer det også med at ein kan fortsette tidlegare vedtekte planar og ta ut uehdige vedtekte planar om nedbygging av dyrka jord, som slik kan bergast i ein runde med rulling av kommuneplana.

Haldningsendring Jordvern Møre og Romsdal er ikkje ein kamporganisasjon, men har som oppgåve å arbeide for større forståing for kor viktig jordvernet er for både i notid og endå meir i framtida, for komande generasjoner. Difor er årets tildeling av fredspris eit godt døme på kor viktig samspelet mellom det lokale jordvern og den globale matproduksjonen er!

**Jordvern Møre og Romsdal
Resultatregnskap**

	<u>2020</u>	<u>2019</u>
Driftsinntekter		
Tilskudd	80 000,00	
Kontingent	21 350,00	18 975,00
Arrangement	1 800,00	225,00
Renteinntekter	27,00	169,00
 Sum driftsinntekter	103 177,00	19 369,00
 Driftskostnader		
Gebyr	109,72	134,84
Reisegodtgjørelse	2 609,00	20 228,00
Arrangement	740,18	51 162,10
IT/ hjemmeside	515,00	30 596,25
Diverse	77 000,00	200,00
Styremøte		315,00
 Sum driftskostnader	80 973,90	102 636,19
 ÅRSRESULTAT	22 203,10	-83 267,19

Balanse pr. 31.12.2020

	<u>2020</u>	<u>2019</u>
Eiendeler		
Bank	7 641,93	34 063,83
Til gode medl./tilskudd	40 000,00	225,00
 Sum eiendeler	47 641,93	34 288,83
 Egenkapital og gjeld		
Egenkapital	47 641,93	25 438,83
Leverandørgjeld		8 850,00
 Sum egenkapital og gjeld	47 641,93	34 288,83

Revisjonsberetning for Jordvern Møre og Romsdal årene 2020 &2021.

Jeg har kontrollert regnskapet for begge årene, da det ikke har vært avholdt årsmøte på to år, og følgelig ikke har vært godkjente regnskap.

Bokføring og avslutting er kontrollert, og det samme er samtlige bilag. Det er ikke funnet noen feil. Regnskapets dokumentasjon er særdeles ryddig og oversiktlig. Regnskapet gir riktig bilde av lagets drift og økonomiske status.

Eide 28.03.2022

Inge Martin Karlsvik



Fannestrandsvegen 63, 6415 Molde

Inngang: Felleskjøpet Agri, 3.etg.

Tlf 71 20 28 90, 909 54 787

moreogromsdal@jordvern.no

www.jordvern.no